

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF
DATO: 04.10.2021
FRÅ: Administrerende direktør Arve Varden
SAKSHANDSAMAR: Berit Irene Haarklau
SAKA GJELD: **Saker til oppfølging etter styremøte**

ARKIVSAK: 2021/146
STYRESAK: **057/2021**
STYREMØTE: **29.10.2021**

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Saker til oppfølging etter styremøte i Helse Førde HF		
Møtedato/sak/tittel	Oppfølging	Status
25.01.2019 003/2019 Adm. direktør si orientering	<i>Punkt 6, Rapporteringsmal Nye Førde sjukehus: Styret ønsker at kvartalsrapportering vert langt fram som styresak.</i>	<i>Nye Førde sjukehus (NFS) var kvartalsrapportering i 2019. NFS var fast styresak eller punkt i AD orientering i 2020. Sak 008/2021, 019/2021, 033/2021</i>
22.11.2019 088/2019 Adm. direktør si orientering	<i>Styret ønsker at AD orienterer om rapport som vert sendt til Helse Vest RHF 2 gonger årleg om lærlingar.</i>	<i>Punkt til AD orientering 19.06.2020, 18.12.2020, 22.06.2021, 17.12.2021.</i>
18.12.2020 078/2020 Budsjett 2021 – Helse Førde HF	<u>Vedtak:</u> 1. Styret i Helse Førde HF vedtek budsjett for Helse Førde HF for 2021 i samsvar med framlegg frå administrerende direktør. 2. Styret gjev administrerende direktør fullmakt til å gjere naudsynte justeringar/endringar innanfor ramma av vedteke budsjett. 3. Styret ber administrerende direktør følgje opp den økonomiske styringa i høve til budsjett og rapportere til styret løpande gjennom 2021.	

	<p>4. <i>Styret ber administrerende direktør følge konsekvensane av budsjett-tiltaka nøye, særleg med tanke på HMS for tilsette, kvalitet og pasienttryggleik.</i></p>	
<p>25.05.2021 031/2021 Inntektsutvalet – høyringsuttale</p>	<p><u>Vedtak:</u> <i>Styret støtter utvalet sitt forslag til ny inntektsfordelingsmodell i Helse Vest, men med følgjande tillegg:</i></p> <ol style="list-style-type: none"> <i>Styret ber Helse Vest vurdere strukturtilskot dersom relativ utvikling i folketalet mellom føretaka i Helse Vest medfører reduksjon i inntektsramma til det enkelte føretak.</i> <i>Styret oppmodar Helse Vest til å revidere beløp og modell knytt til dei prehospitale tenestene før rammene for budsjett 2023 vert lagt. Styret meiner i tillegg at beløpet som Helse Vest bør fordele i modellen, må vere i samsvar med dei faktiske kostnadene knytt til området i Helse Vest.</i> 	<p><i>Styrevedtak oversendt til Helse Vest 27.05.2021</i></p>
<p>25.05.2021 032/2021 Regional plan for habilitering og rehabilitering</p>	<p><u>Vedtak:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <i>Styret støttar «Utkast til oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering. Prioriterte innsatsområde,» april 2021 i Helse Vest.</i> <i>Styret vurderer at planen vil vere eit godt verktøy og retningsgjevande for regionen og Helse Førde sitt vidare arbeid innan dette viktige området. Innfasing av tiltak i føretaket må sjåast ut frå ei samla vurdering av status, behov og ressursar. Det vert også viktig å samarbeide med og samordne arbeidet med kommunane i helsefelleskapet.</i> <i>Styret ber om å bli orientert om vedteken plan etter handsaming i Helse Vest sitt styre, saman med ei løypemelding frå Helse Førde sitt utviklingsprosjekt for habiliterings-/rehabiliteringsområdet.</i> 	<p><i>Styrevedtak oversendt til Helse Vest 27.05.2021</i></p> <p><i>Oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering vert framlagt til endeleg behandling i RHF-styret i etterkant av styrebehandling helseføretaka og gjennomgang i regionalt brukarutval. Jf innspel og vedtak i sak 053/21, RHF-styret 16.06.2021.</i></p>
<p>22.06.2021 043/2021 Statusrapport om innovasjon i Helse Førde</p>	<p><i>Til neste halvårsrapportering: Beskriving om kva har forskinga ført til, eks. endra klinisk praksis</i></p>	

01.09.2021 048/2021 Adm. direktør si orientering	<i>Adm. direktør Varden sa at det blir løypemelding om BUP tenestene til neste styremøte.</i>	<i>Punkt 5 i Adm. direktør si orientering til 29.10.2021</i>
01.09.2021 049/2021 Rapportering frå verksemda	<i>Styret gav tilslutning til å endre rapporteringa i samsvar med «Årshjul rapportering fag», med evaluering etter kvart.</i>	
01.09.2021 051/2021 Prehospitale tenester fase 3 - høringsdokument	<u>Vedtak:</u> <i>Styret ber administrerande direktør sende Prehospitale tenester fase 3 på høyring.</i>	<i>Blir styresak 29.10.2021</i>